

Innspel til arealdel i kommuneplanen i Alver Gardsbruk 119 – 5 på Sundsbø ynskjer å endre arealstatus.

Vi er eit samvirkelag kalt Alverland, som vil skapa noko verdifullt saman, ikkje berre for oss sjølv, men også for bygda vår, Lindås, og kommunen.

I 2020 kjøpte vi ein gard som hadde lagt brakk i om lag 50 år på Sundsbø ved Fensfjorden. Den var uten veg, vatn og straum og med store råteskader på det gamle vestlandshuset som står der. Vi kjøpte denne garden nettopp på grunn av potensialet dette småbruket har.

Vår visjon er å gjenskape eit klyngesamantik til eit restaurert vestlandshus på garden, der fleire familier kan bu og drive verksemder saman. Ei bu- og næringsklynge på eit småbruk, både for å utnytte ressursane på eit vestnorsk småbruk på ein god og smart måte saman, og for å skape eit verdifullt tilbud for bygda vår. Vi ynskjer særskildt å tiltrekke oss beboarar som vil drive med regenerativt landbruk, gardsturisme og bærekraftig handverk. Kommunen kjenner til planane og gav oss konsesjon for fleire eiggarar.

Vi har fått tilskot frå Sparebanken Vest sitt prosjekt "Agenda Vestlandet", for å utvikle ein ny modell for korleis småbruk kan organisera. Vi ynskjer i samarbeid med Alver kommune og Biosfæreprosjektet i Nordhordaland, å gjere Alverlandmodellen mogleg. Sjå vedlegg 1 for å sjå fyrste utkast til Alverlandmodellen.

Vi har i løpet av dei siste 2 åra gjort store investeringer og lagt ned mykje arbeid for å kunne drive prosjektet videre.

Vi har mellom anna:

- Bygd veg
- Fått borehol for vatn
- Drenert jordet
- Satt opp hjortegjerde rundt garden
- Opparbeidet ein stor kjøkkenhage
- Fjerna enorme mengder lyssiv for hand
- Sikra taket på våningshuset
- Bygd eit stort grindabygg som skal fungere som verkstad
- Lagt ned røyr for straum, vatn og avløp.

Vedlegg 2 viser skisse av tunet.

Det vi ynskjer er å få regulært garden frå å vere utelukkande landbruksareal til å vere eit område for fleire bueiningar og næringsbygg. Vi vil bruke det neste året for å utarbeide ein reguleringsplan for garden. Vi vil også skape eit tun der bebyggelsen passer inn i terrenget. Ein viktig bakgrunn for å skape denne Alverlandmodellen er å få dyrka mark tilbake i bruk med ein ny måte å organisere småbruk på.

Alt det overnevnte er i tråd med kommunen sitt satsingsområde fram mot 2040. Viser til nokre punkter hentet ut frå kommunenplanen:

- Vi skal legge til rette for utvikling av tilleggsnæringer som styrker grunnlaget for drift av landbruksseigedomane våre
- Vi skal legge til rette for varierte bustadtypar
- Vil satse på gjenbruk og sirkulærøkonomi
- Støtte lokalt reiseliv
- Vi vil gjøre det enklare å fornye gamle gardshus til meir moderne bustadar for å sikre drift av eldre gårdar.
- Vi skal gjøre det enklare å byggje hus nr2 og hus nr3 på garden, så lenge desse er meint å vere ein ressurs for garden
- Vi skal gjøre det attraktivt å drive og etablere verksemder og næringsklynger i Alver
- Vi skal vareta og byggje kunnskap om lokal tradisjonskultur

Alver kommune er som kjent eit biosfæreområde under UNESCO, og er med den statusen forplikta til å satse på berekraftige løysingar. No treng dette prosjektet kommunen i ryggen for å gjøre draumar til røyndom.

Vedlegg 3 og 4 er kartutsnitt.

Venleg helsing,

Bente Getz
Bart Lesaffre
Ida Kamilla Bjørge